

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 03/17 · 27. ÅRGANG



3

Kyrkjebygg tek form

4

Stolte seksåringar  
i kyrkja

6-8

Reformasjons  
- jubileum

13

Konfirmantar  
på tur



# DEN NORSKE KYRKJA

## Meland kyrkjelyd

Kontakt er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd og kjem ut 4 gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 eller

Vipps: Meland Kyrkje eller 59301

Redaktør: Johanna Hundvin Almelid

Ansvarleg: Geir Øy

Redaksjon: Steinar Dale Wessman

Maria Sæle

Grafisk design: Opplett

Trykk: Bodoni AS

Framsidebilde: Meland kyrkje i haustdrakt. Foto: Mari-Anne Fosse Dalland

Innleveringsfrist til neste utgåve av



**Helge Hitland**

Vikarprest - 905 75 780

helge.hitland@bkkfiber.no



**Torbjørn Aamli**

Sokneprest - 56171484

torbjorn.aamli@melandkyrkja.no



**Stine Karin Sæle**

Husgruppekoordinator

47640809 - stine.saele@melandkyrkja.no



**Anne Marit Fosse Dahle**

Kyrkjelydspedagog - 56171482

anne.dahle@melandkyrkja.no



**Junji Furukawa**

Kyrkjeterar - 46797567

junjif@sky.plala.or.JP

Kontakt er 6. november

[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 56171480

Epost: post@melandkyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen:

Havnevegen 31, (2 etasje over apoteket)

Frekhaug

Treffetid: Mandag, onsdag, fredag

12.00-15.00

Rådhusresepasjonen kan også formidle

kontakt: 56171000

Kontakttelefon ved krise: 95483874

Vipps: Meland kyrkje eller 54016



**Anne Sofie Nergård Uthaug**

Kyrkjeverje - 56171485

anne.uthaug@melandkyrkja.no



**Trond Fykse**

Kyrkjelydsmusikar - 56171483

trond.fykse@melandkyrkja.no



**Linda Gripsgård Lunga**

Konsulent - 56171480

linda.lunga@melandkyrkja.no



**Regine Sagstad Berg**

Soknerådsleiar - 99324460

reginesagstad@gmail.com

**Ruben Sæle**

Diakon med ungdomsfokus

(Permisjon hausten 2017)

**Eva Kristin Dale Wessman**

Barnearbeidar (permisjon)

# Tankestrek

Torbjørn Aamli, sokneprest i Meland

## Kvantitet eller kvalitet? Bredde eller dybde? Folkekirke eller Foreningskirke?

Det diskuteres om Den norske kirke (tidligere «statskirken») bør være en «åpen folkekirke» eller en «foreningskirke». Litt forenklet kan vi si at «foreningskirken» består av de som regelmessig kommer sammen til gudstjenester og andre aktiviteter som kan favne vidt, fra korsang til eldretreff.

Det typiske folkekirkemedlem er i kirken først og fremst ved milepaler som dåp, konfirmasjon, bryllup og begravelse. I tillegg kommer de kanskje i kirken på julafarten, en julekonsert eller når de inviteres spesielt, som når 4-åringen skal få kirkebok. Noen idealiserer «folkekirkeligheten» og tenker at denne åpne kirkeformen best er i tråd med evangeliet og Jesus sin åpenhet mot alle mennesker. Den understreker at evangeliet er bare av nåde, gratis, uten å stille krav om å møte opp eller gjøre det ene eller det andre.

Noen i foreningskirken er redde for folkekirkeligheten. De er redde for at evangeliet reduseres til en teori, en uforpliktende himmelforventning, og at vi glemmer store deler av Jesu kall og budskap. De døpte skal jo gjøres til disipler, og lære å holde alt Jesus har befalt.

Er det en uoverstigelig barriere mellom disse to? En nødvendig konflikt? Det kan det være, hvis de ikke lytter til hverandres anliggender. Det blir konflikt hvis folkekirkeligheten ikke anerkjenner at Jesus faktisk ba mennesker følge ham, og ville gjøre dem til disipler. Eller hvis foreningskirkeligheten ikke anerkjenner at noen må bruke både tid og vei før de er klar til å komme til en samling. Eller ikke anerkjenner forskjeller i kulturuttrykk og kall.

På sitt beste kan foreningskirken og folkekirken utfylle hverandre. En av Jesu fortellinger i Lukasevangeliet innledes slik:

**Alle tollerne og synderne holdt seg nær til Jesus for å høre ham. Men fariseerne og de skriftlærde murret.... (Luk 15,1-2)**

En foreningskirke som stenger seg inne i sine «kaninhull» kan komme i fare for å ligne fariseerne. Men hvis de ligner på Jesus, vil de være i lag med folk flest og møte folk på hjemmebane. Og da er det ikke noen vanntette skott mellom foreningskirke og folkekirke. Det er en flyt fra det ene til det andre. Fra avstandsbetraktnign og nysgjerrighet, til fellesskap og tjeneste for andre. Ja, tjeneste kan gjerne begynne før en vet sikkert hva en tror. I KFUM-speideren leste vi patruljeførere en liten andakt på speidermøtene. Litt spøkefullt ble det sagt at det nok var flere som ble kristne av å holde andakt, enn å høre den....

Og konklusjonen? Ja, takk. Begge deler! Ja til en folkekirkelighet som anerkjenner at mange har behov for å samles og møtes. Ja til en foreningskirkelighet som anerkjenner at folk er på vei og må nærmere seg tro og kirke i sitt eget tempo. Uten foreningskirken ville trosopplæring og rekruttering til kirkelig tjeneste forvitre. Men uten folkelighet og utadvendthet, ville kirken forbli en isolert øy.

# Nye draumar tek form i Meland

Tekst/foto: Roy Carlsen

## PLANLEGGINGA AV NYTT KYRKJE- OG KULTURBYGG PÅ FREKHAUG ER I FULL GANG. LEIAREN I SOKNERÅDET HAR STORE DRAUMAR FOR DET NYE BYGGET.

– Vi har utarbeidd arealbehov for kyrkjedelen som er oversendt til Meland kommune. Vi har også kome med innspel til kommunen på korleis utforminga av fellesarealet kan sjå ut. Dette er eit arbeid som må gjerast før ein kan vedta eit budsjett og utlyse arkitektkonkurranse, fortel Regine Sagstad Berg.

Soknerådsleiaren opplyser at det er mykje spennande arbeid som pågår. Akkurat no held dei på å etablere fleire brukargrupper som skal arbeide med kyrkjerommet, instrument/lys/lyd og forskjellige lokale som kyrkjelydslokale, selskapslokale og lokale for barne- og ungdomsarbeid.

– På kyrkjekontoret vert det planlagt nye kontor i kyrkjedelen. Alle er med og dreg lasset. Det gjer jobben som soknerådsleiari til ein frys, seier Sagstad Berg.

– *Det er jo eit kjempeløft å bygge eit kyrkje- og kulturbrygg. Kor tek de energien frå?*

– Godt spørsmål! At mange er med på å gjøre draumen til realitet hjelper på. Sjå for deg eit felles vrimleområde fullt av folk som sit rundt småbord, drikk kaffi og et ein god lunsj medan praten går livleg - heilt uorganisert og veldig koseleg. Ein lokal forfattar les utdrag frå si nye bok. Eller tenk om vi kunne fått sjå ein flott kunstutstilling? Eller ein minikonsert av eit lokalt ungdomsband der eit ungt publikum lar seg begeistre. Er det ikkje ein fantastisk tanke? Sjå for deg barn og ungdom som strøymer til speidar, kor, bandøving, spelekvel og mykje anna kjekt. Eller rett og slett ei fullsett gudsteneste. Det er dette eg ser for meg. Det er nok her den fantastiske dugnadsgjengen henter energien frå også. Dei ser for seg neste generasjon og den etter der vekse opp med eit kjempegodt tilbod midt på Frekhaug!



IVRAR: Regine Sagstad Berg, soknerådsleiari i Meland, ivrar etter å sjå spaden i jorda.



Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø  
tlf. +47 56 35 17 65  
mobil +47 926 08 647



MELAND ELEKTRO  
AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR  
Mjåteitflaten 45, 5918 Frekhaug  
post@melandelektro.no

Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad  
[www.melandauto.no](http://www.melandauto.no)



Vatne Begravelsesbyrå as  
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø

Ordner alt ved gravferd og kremasjoner i distriktet og byen  
Tlf. 56 35 09 10 - 56 35 16 61



ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE  
[www.cateringen.com](http://www.cateringen.com) • tlf. 56 17 43 23

# Førsteklasses møte med 6-åringene

Tekst: Steinar Dale Wessman

Foto: Arve Kjell Uthaug

På oppstartgudstjenesten i slutten av august var det sju spente, litt sjenerete og veldig stolte seksåringer som hadde tatt turen til kirka.

Skolestart er en viktig begivenhet og overgang som de fleste markerer. Det er viktig å vise barna at kirka ønsker å være med i det som skjer i livet deres.

Prest Rune Minde og trosopplærer Anne Marit Fosse Dahle ba spesielt for de nye førsteklassingene. De nye skolebarna fikk også med seg «Min kirkebok 6», eller «6-årsboka» som den gjerne blir kalt. Boka er en samling med hverdagshistorier, bibelfortellinger, sanger og bilder som vil gi 6-åringen et møte med den kristne tro.

Etter flere uker med potene høyt, var løva endelig tilbake i kirka. Mange barn deltok på løvegjengen, kirkas opplegg for søndagsskolebarna.



LØVEPOSE: Løvegjengen fikk alle  
hver sin startpakke. Foto: Anne Marit  
Fosse Dahle

Denne søndagen var det også introduksjon av løvegjengen sin egen startpakke, en pose med mye spennende i. Innholdet er visst bare kjent for de som dukker opp på søndagsskolen. Gudstjenesten hadde en fin ramme med band, 25 speidere fra KFUK/KFUM og en variert forsamling for øvrig.

Høsten byr på mange opplevelser for barna som vil komme til kirka. Foruten løvegjengen hver søndag, blir det sprell levende-gudstjeneste med utdeling av bøker til fireåringene, barnefestkonsert og "Lys våken".



BOK: Alle barna fikk med seg en bok med historier fra hverdagen og bibelen.



BØNN: Prest Rune Minde ba spesielt for de nye førsteklassingene.



SKOLESTART: Det er viktig at kirken er med i det som skjer i livene til barna.

**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11  
Besøksadresse og Postadresse:  
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,  
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

Gravstein i alle utførelser  
fra enkle og grove til  
helsepolerte.  
**Tilbehør** til gravstedet  
**Tilløsler** av navn  
**Oppussing** vask. stell  
**Rehabelitering** reperasjon  
[www.eikner.no](http://www.eikner.no)

**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN  
Lokal representant  
**Rune Hjermann**  
Kyrkjessundsvagen 81, Holsnøy  
Mob 91163120

**REMA 1000**  
FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

# Benkeslitaren Berit

Tekst: Harald Farestveit

Berit Indvær, Modalen

Kva kyrkje er du i?

Mo kyrkje, men også dei andre kyrkjene i prestegjeldet.

Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

Sidan eg kom til Modalen.

Kve set du mest pris på ved kyrkjelyden?

At det er rom for å prøve ut nye ting.

Når kjem du til gudsteneste?

Når eg ikkje er medliturg, kjem eg 5-10 minutt før, skal eg vera medliturg kjem eg før.

Kvar i kyrkja sit du?

Midt i kyrkja. Framme når eg skal bidra med noko.

Kan du skildre kyrkja med tre ord?

Vakker, intim og eit bønens hus der det er rom for det heilage.

Kva salme syng du gjerne for tida?

Eg syng ofte dei bibelske salmane bak i salmeboka som til dømes: «Jeg er livets Herre», «Vis meg Herre din vei» og «Hele skapningen takker deg Herre».

Kva skulle du ynskja kyrkja gjorde meir av?  
Kyrkja er eit vidt begrep, men avgrensa til Mo kyrkjelyd, så må det vera å marknadsføra seg betre mot dei som ikkje kjem til vanlege gudstenester. Det er kultur for å koma til dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, men ikkje til vanlege gudstenester.

Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

Drøsen, kaffien og noko attåt. Det sosiale er viktig ved kyrkjekaffien.



TRUFAST: Berit Indvær er ein av dei trufaste gudstenestedeltakarane i Mo kyrkje.

**NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING**  
Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

**VESTSTEIN - naturstein**

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

**Knarvik  
Blomsterstove**

*Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)*

*Nordhordland Begravelsesbyrå AS*



**GRAVFERDSBYRÅ FOR HEILE NORDHORDLAND**  
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug / Idrettsvegen 1, 5936 Manger

**ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN,  
PLANLEGGING-BLOMAR-GRAVSTEIN**

**Tlf. 56 37 14 10**  
[post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) · [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

Avd.Vaksdal: Ann-Elin M.Gullbrå  
Tlf. 56 99 25 70



KOMPONIST: Tom Brevik, som er dirigent for Skala Brass Band, har komponert musikk til reformasjonsjubileet i Knarvik kyrkje.

# Reformasjons-jubileum i Nordhordland

Tekst/foto: Arthur Kleiveland

**HAN VART LYST I BANN I SI SAMTID, MEN MARTIN LUTHER HAR PREGA NORSK KRISTEN- OG SAMFUNNS-LIV I 500 ÅR. OM KVEDEN SØNDAG 29. OKTOBER BLIR JUBILEET MARKERT I KNARVIK KYRKJE. DÅ ER DET EI FLOTT, FELLES GUDSTENESTE FOR MANGE KYRKJELYDAR, MELLOM ANNA MED MEKTIG, NY-SKRIVEN MUSIKK FOR ANLEDNINGA.**

– Reformasjonen førte til ei stor endring i samfunnet vårt og kom til å prega utviklinga både i kyrkje og samfunn heilt fram til i dag. Det er det grunn til å stansa opp for, seier prost Geir Sørebø.

– *Kva forventningar har du til kva som skal koma ut av den lokale markeringa?*

– Eg vonar vi kan få eit større fokus på Bibelen sin plass i kyrkjelyden. Gjerne oppstart av nye bibelgrupper, seier prostoen i Nordhordland og Ytre Sogn.

## TRENG Å TA STØRRE ANSVAR

Geir Sørebø meiner det er trond for ei fornying av læra om det alminnelege prestedømet, som understrekar at det er

kyrkjelyden sine medlemer som til sjunde og sist er ansvarlege for både økonomi og lære i kyrkjelyden.

– Og vi treng ei vitalisering av trusopplæringa, slik at alle døypte får kjennskap til kva tru dei er døypte til, seier Sørebø.

## «LUTHER I 500»

Martin Luther er utvilsamt verd ein skikkeleg jubileumsfanfare 500 år etter at han hamra inn sine 95 teser på kyrkjeveggen i Wittenberg. Vår svært så anerkjende dirigent og komponist, Tom Brevik – blant anna med lang fartstid i brassband-Norge, har skrive musikk til den lokale reformasjonsgudstenesta. Han har gitt komposisjonen arbeidstitelen «Luther i 500».

Han fortel at denne komposisjonen har ei heilt konkret hensikt; den skal vera staseleg og høgtideleg, knytt til inngangsprosesjonen av biskop og prestar frå store deler av prostiet.

– Komposisjonen skal vera mangslungen og bygd opp rundt Luther-jubileet. Publikum vil såleis kjenna att strofer frå m.a. «Vår Gud Han er så fast en borg», den mest kjende av Luther sine songar, fortel Brevik.



LØFT: Sopranen Melissa Baug vil med si vakre og fyldige stemme gje eit løft til til jubileums-gudstenesta i Knarvik kyrkje sundag 29. oktober kl. 19.

### VIL «GRIPA» TILHØYRARANE

Songsolist er den svært lovande sopransongaren Melissa Baug frå Manger, William Kay trakterer orgelet og Skala Brassband – med tillegg til ein del kornettar som dannar fanfaregrupper ved alteret. I tillegg består instrumenteringa av to store rørklokkespel som vil verta plasserte på kva si side av alteret.

Tom Brevik har jobba med skisser til komposisjonen over lengre tid, men for alvor sidan slutten av august.

– Om eg maktar å «berøra» nokon med musikken min, har eg i grunnen oppnådd det eg ville i utgangspunktet, seier Brevik.

Sin første store komposisjon, oratoriet «Barakhah» (hebraisk for velsigning), med tekstar frå Bibelen, vart framført av Trondheim Symfoniorkester og Nidarosdomens guttekor for eit fullsett Nidarosdomen i november 2005. Siste satsen av dette oratoriumet vert framført av Melissa Baug, William Kay og Skala Brassband som avslutning på reformasjonsgudstenesta.

### MANGE TIDSAKTUELLE SPØRSMÅL

Reformasjonen gav svar på spørsmål som var aktuelle på Luther si tid. Eit av hans spørsmål var: «korleis kan eg finna ein nådig Gud?». Men gir reformasjonen meining i dag når ikkje dei same spørsmåla blir stilt? Eller har den aktualitet også i dag?

Geir Sørebø peikar på at spørsmålet om ein nådig Gud ikkje vart stilt isolert – det var ein del av ein større samanheng.

– Skrifa åleine – nåden åleine – trua åleine – Kristus åleine – dette er dei 4 reformatoriske søylene. Utfrå desse er det mange tidsaktuelle spørsmål: Kor einerådande norm skal Bibelen vera i ei verd med mangfaldig religiøsitet? Er alt som ein kallar for tru like bra? Er det utenkeleg med evig liv utanom Jesus?

### TYDELEG SPOR I KYRKJELYDEN

Prost Sørebø peikar på at norsk kristendom har i stor grad vore prega av at Bibelen og forkynninga av Ordet har vore det sentrale. Oppbygninga av gudstenesta viser dette.

– Mange stader kallar ein gudstenesta i kyrkja framleis for «Preik». Kyrkjene er konstruerte ut frå denne ideen med ein dominerande prekestol. Vekkingsmøte på bedehusa har også bygd på ei kraftfull forkynning av Ordet. Lekmannsrørsla er sprungen ut av Luther si lære om det alminnelege prestedømet. Katekismetradisjonen er også ei oppfølging av Luther sitt opplæringsprogram i heimen, seier Geir Sørebø.

Det er med andre ord all grunn til å markera reformasjonsjubileet også i våre kyrkjer.



PREIKA: Prost Geir Sørebø skal halde preika søndag 29. oktober.

# Reformasjonen – kva er relevant i dag

Tekst: Geir Sørebø

**AV GRUNNTANKANE FRÅ REFORMASJONEN FOR 500 ÅR SIDAN, ER DET MANGT SOM FRAMLEIS ER SVÆRT AKTUELTT I VÅR KYRKJESITUASJON. EG VIL PEIKE PÅ TRE PÅSTANDAR.**

## 1. BIBELEN ER ØVSTE RETTESNOR

Det var Luther si overtyding at Bibelen stod i ei særstilling mellom alt som er skrive og sagt på denne jorda. For Bibelen formidla Guds openberra ord til mennesket. Luther uttrykte dette svært konsentrert: *Sola scriptura – Skrifta åleine.*

I 2017 er Bibelen si åndelege serstilling i verda langt frå sjølvsagt. Difor ville eit fornya studium av Bibelen sine ord vere den beste reformasjonsfeiring i praksis. Noko som utvilsamt ville ha gleda professor i Det gamle testamentet, Martin Luther, meir enn noko anna.

## 2. ALLE TRUANDE DØYPTE ER PRESTAR

Vi hører av og til sagt at det kan bli krise i kyrkja fordi vi i åra som kjem kan få prestemangel. Ut frå luthersk tankegang treng denne utfordringa slett ikkje leie til noko krise for kyrkja. I eit skrift frå 1520 skisserer Luther eit tenkt eksempel: Dersom ei gruppe kristne lekfolk vart tekne til fange og isolert i ein leir i øydemarka utan å ha prest med seg, så ville det vere heilt greitt dersom dei peika ut ein i sin midte og påla han å halde gudsteneste, døype og preike og tilgje synder. Og han ville vere like så mykje prest som om han skulle vore ordinert av alle biskopar og pavar til saman.

For Luther er dette eigentleg berre ein konsekvens av synet på Bibelen. Sidan Bibelen er den eigentlege autoriteten, er prestetenesta djupast sett ikkje noko anna enn å formidle det som står i Bibelen. I åra som kjem, vil vi nok sjå at det vert naudsynt å hente fram att den gamle lutherske læra om det alminnelege prestedømet. Kyrkja skal vere eit trudoms-samfunn der medlemene sjølv tek eit avgjerande ansvar for både økonomi, forkynning, opplæring og rekruttering. Dei friviljuge og uløna medarbeidarane er kyrkja sitt eigentleg mannskap. Tilsette og løna medarbeidarar er noko som kjem i tillegg – i større eller mindre grad.



## 3. VI MÅ VITE KVA VI TRUR PÅ

Når Bibelen er den høgste norma og kyrkjelydsmedlemene er dei autoritative Bibel-fortolkarane, så er utrusting av lefolket ei kjerneoppgåve.

Som prest møter eg ikkje radt sjeldan folk som seier noko i retning av dette: «Eg har no mi tru eg og – sjølv om ho nok ikkje er slik som di tru». Rett nok er vår tru personleg og av den grunn ulik, men innhaldet i trua kan ikkje vere heilt ulikt. Luther gjorde eit stort arbeid for å legge til rette for opplæring i den felles trua i heimen og kyrkja. Luther si vesle katekisme inneholdt dei 10 boda, trusvedkjenninga, Fadervår og undervising om dåpen, skriftemålet og nattverden. Dette var noko alle kristne måtte kunne, for dette var det felles trusgrunnlaget som kyrkja bygde på.

I 2017 er det kanskje ei enno større utfordring enn i 1517 å halde fast på vår tru sitt sentrale innhald.

- |        |        |        |         |         |         |         |         |         |
|--------|--------|--------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| 1 - b) | 8 - b) | 9 - a) | 10 - a) | 11 - c) | 12 - c) | 13 - b) | 14 - a) | 14 - c) |
| 2 - a) | 3 - c) | 4 - c) | 5 - b)  | 6 - a)  | 7 - a)  | 8 - a)  | 9 - b)  | 10 - b) |

# Martins lille KateQuisme

Kjelde: Martins lille KateQuisme, Verbum Forlag 2016

**1. Kva tyder ordet «reformasjon»?**

- a) drilløving b) endring/forbetring c) formatering

**2. 2017 er eit jubileumsår for reformasjonen. Kor lenge er det sidan?**

- a) 500 år b) 300 år c) 100 år

**3. Den norske kyrkja er ei luthersk kyrkje, ei av kyrkjene som vart danna i kjølevatnet av reformasjonen. Men kva for ei kyrkje var den opphavlege, den som reformasjonen braut med?**

- a) pinsevenene b) den ortodokse kyrkja c) den katolske kyrkja

**4. Kva er tittelen til den øvste leiaren for den kyrkja som reformasjonen braut med?**

- a) patriark b) kosmopolitt c) pave

**5. Kva er ein kjettar?**

- a) ein hokatt b) ein vranglærar c) ein skreddar

**6. Reformasjonen skjedde i ein verdsdel vi kjenner godt.**

**Kva for ein?**

- a) Europa b) Amerika c) Asia

**7. Veit du namnet på han som vi reknar som reformasjonens hovudmann?**

- a) Martin Luther b) keisaren av Tyskland  
c) kurfyrsten Fredrik den vise

## «Luther med latter»

**SØNDAG 22. OKTOBER  
KJEM EI FØRESTILLING  
SOM HAR GÅTT SIN  
SIGERSGANG I FYLKET I  
SØR TIL KNARVIK KYRKJE.**

«Luther med latter» gir eit historisk og humoristisk skråblikk på kva lutherdommen har ført med seg gjennom 500 år i våre bygder og byar. I beste lutherske ånd blir det mykje humor. Ja, alt frå folk som sovnar under laaange preiker, konfirmantar som svimar av under overhøyring, ein gal teologiprofessor, pietisme,

rasjonalisme, skråblikk på salmestrid og nyare lovesong. Det blir 500 år på 100 minutt, der fire formidlarar spelar ulike roller, er historieforteljarar og musikarar – og går ut og inn av dei ulike hendingane og hundreåra.

Førestillinga er tufta på historiske fakta, humoristiske vinklingar og musikalsk truverd. Ved å bruka mykje humor vil publikum lære om kva Luther har hatt å seia for vår kyrkle-, kultur- og språkhistorie gjennom 500 år. «Luther-kabaretet» er

**8. I kva for eit hundreår levde Martin Luther?**

- a) 1300-talet b) 1500-talet c) 1600-talet

**9. Kva var det eigentlege yrket til Luther?**

- a) katolsk munk og prest b) bonde c) smed

**10.. Reformasjonen starta med at Luther sterkt kritiserte lærar i ei kyrkje han sjølv var med i. Kva for ei kyrkje?**

- a) den katolske, der han sjølv var prest b) baptistane c) The Church of England

**11. Av det Luther protesterte mot, er det spesielt ein praksis han var rasande på, og som på sett og vis utløyste heile reformasjonen. Kva var det?**

- a) å gå i prosesjon b) å døypa born c) avlatshandel

**12. I ei tid utan radio og TV, internett, Facebook og Twitter brukte Martin Luther ein svært spesiell måte å offentleggjera dei arka han hadde skrive ned synspunkta sine på. Korleis?**

- a) Han sto på eit torg og skreik dei ut. b) Han skreiv om dei i ei avis. c) Etter det som er sagt, slo han dei opp på ei kyrkjedør.

**13. Det blir snakka om Luthers «tesar» i samband med reformasjonen. Kva er ein «tese»?**

- a) Eigentleg er det eit par inneskor: tøflar. b) læresetningar c) bøker

**14. Kva var avlatshandel?**

- a) at ein fritt kunne driva med handel innanfor kyrkjemurane  
b) at ein måtte betala ei bot dersom ein lo i kyrkja  
c) at ein med pengar eller andre verdiar kunne kjøpa seg enklare tilgang til himmelen

Svar finn du på side 8.



Søndag 22. oktober blir det i Knarvik kyrkje eit fornøydeleg møte med Martin Luther og historia etter reformasjonen i landet vår.

ei ålmenn førestilling, der du ikkje treng å vera verken Luther-kjennar eller i den inste kyrkjekrins for å få ei stor oppleving.

# Alver kyrkjelege fellesråd

Ein av følgene av kommune-samanslåinga som nærmar seg, er at tre kyrkjelege fellesråd også skal slå seg saman.


- Kyrkjelova slår fast at det skal vera eitt kyrkjeleg fellesråd i kvar kommune. Når Meland, Radøy og Lindås slår seg saman til ein kommune frå 1. januar 2020, får det konsekvensar også for kyrkja. Då blir tre kyrkjelege fellesråd til Alver kyrkjelege fellesråd, seier Borghild Toft, som er leiar av Lindås kyrkjelege fellesråd.

Torsdag 31. august var dei valde representantane dei tre kyrkjelege fellesråda, samt soknerådsleiarane i Lindås, samla for å markera prosessen mot samanslåing. Dette var første gongen dei folkevalde var samla. Dei tre kyrkjeverjene Torgeir Paulsen frå Lindås, Anne Sofie Nergård Uthaug frå Meland og Audun Sylta frå Radøy gav informasjon om verksemda i dag, prosessane vidare og verdiar og mål for arbeidet.

- Ein av fordelane med å slå saman dei tre fellesråd er at ein får eit større kollegium med meir fordeling av oppgåver enn i dag. Til liks med dei tre kommunane blir det no sett saman ei fellesnemnd som skal førebu samanslåinga, seier Borghild Toft.



Tre kyrkjeverjer presenterte planar for samanslåing: f.v. Audun Sylta i Radøy, Anne Sofie Nergård Uthaug i Meland og Torgeir Paulsen i Lindås.



Andakt ved Torbjørn Aamli

Medaljer har en framside og en baksida. Baksiden først: Det er sunt å skamme seg. Personer som «ikke eier skam» er slike som mangler de sunne sperrene mot å trampe på andre. Mot å gå for nært, invadere og utnytte. Den uskyldige og ufarlige varianten merker vi når vi ser på noen på bussen litt for lenge, og de plutselig snur seg og møter blikket vårt. Den naturlige reaksjonen er at vi slår blikket ned. En biteliten sunn skamreaksjon. Men så den andre siden: Skam er en ubehagelig fø-

## Shame on You!

lse av å ha vist en uheldig og nedverdigende side av oss selv, og avslørt oss som et mislykket eller umoralsk individ. Det er nær knyttet til selvfølelsen vår: vi føler oss små, og ønsker å «synke i jorda». Mens skyldfølelse er knyttet til at vi har gjort noe galt eller dumt, er skam knyttet til at vi føler vi er dumme, og det er noe galt med oss. Dypest sett handler det om redselen for ikke å bli godtatt av de vi bryr oss om, i verste fall bli utstøtt av flokken vår.

Johannes forteller om en kvinne som helst ikke ville treffen andre, og derfor gikk til brønnen midt i den verste solsteiken. Hun synes at

Jesus «ikke eier skam» og trosser skikk og bruk på flere punkter. Han er jøde, og han er mann. Han snakker til henne – en samaritaner og kvinne. Men undringen går over i fascinasjon, for Jesus tilbyr denne kvinnen levende vann. Han kan lindre en først hun ikke er klar over at hun har. Og snart vil han fortelle at han ser ting andre ikke vet om: At hun har hatt fem menn og lever med en som ikke er hennes mann.

Det var noe med måten Jesus møtte henne på. Da hun gikk derfra, glemte hun vannkrukken og løp til byen for å fortelle andre om denne mannen: «Kom, så skal dere få se en mann som har

sagt meg alt det jeg har gjort. Kan han være Messias?» Det finnes en kur mot både skyldfølelse og skam. Det er Guds ubegrensed kjærlighet og nåde. For det er noe et menneske trenger å oppleve før det blir minnet om syndene sine, noe det som regel er fullt klar over allerede: Et menneske trenger å forstå at det er uendelig verdifullt og dypt elsket. For kvinnan ved brønnen var det kanskje Jesu blikk og måten han snakket på, som fikk henne til å forstå det. Har du forstått hvordan Gud ser på deg?

Vil du lese resten av historien, kan du slå opp i Johannesevangeliet kapittel 4.

# Kultur-kalender

## 14. oktober

### SKRUK-KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Søndag kl. 20

Konsert med nytt og gammalt stoff.

## 15. oktober

### RUNE ALVER I KNARVIK KYRKJE

Søndag kl. 19

Jubileumskonsert ved Rune Alver med gjestar. Arr.: Musikkens Venner Nordhordland.

## 22. oktober

### «LUTHER MED LATTER» I KNARVIK KYRKJE

Søndag kl. 19

Førestilling med eit historisk og humoristisk skråblikk på kva lutherdommen har ført med seg gjennom 500 år i våre bygder og byar. I beste lutherske ånd blir det mykje humor.  
Arr: Alversund sokneråd

## 27. oktober

### HARDANGER BIG BAND I KNARVIK KYRKJE

Fredag kl. 20

Konsert med Hardanger Big Band m/ italienske solistar.  
Arr: Musikkens Venner Nordhordland.

## 29. oktober

### BARNEFESTKONSERT I MELAND KYRKJE

Søndag kl 16

Konsert med TeamBÅT med Jens Andreas og Silje Kleiven og lokale barnekor.

## 7. november

### TEMAKVELD I OSTEREIDET KYRKJE

Tirsdag kl 19

“Bøn og arbeid. Eit luthersk perspektiv” ved Jens Linde.

Arr. Osterfjorden kyrkjelydsutval

## 19. november

### MELAND KULTURSKULE SITT 25-ÅRSJUBILEUM

Søndag kl 17

Meland kulturskule har ein siste jubileumsinnsprut i Meland kyrkje sundag 19.11. Det blir invitert til ei kulturell reise gjennom kulturskulens 25 år, med historiske tilbakeblikk og spesielt inviterte gjester. Gratis inngang.  
Arr: Meland Kulturskule.

## 26. november

### HÄNDELS MESSIAS I KNARVIK KYRKJE

Søndag kl. 18

Alversund kammerkor med dirigent Odd Leif Mjøs framfører G.F.Händels oratorium Messias, med solistar: Melissa Baug, sopran, Jeanette Ekornåsvåg Goldstein, alt, Harald Bjørkøy, tenor og Thomas Waaler Røshol, bass.Orkester samansett av unge musikarar.Billettar ved inngangen kr. 300,-. Barn under 16 gratis. Billetbestilling: alversundkammmerkor@gmail.com.  
Arr: Alversund kammerkor

## 3. desember

### KONSERT I KNARVIK KYRKJE

Søndag kl. 18

Konsert med Oster Brass.

### JULEKONSERT I ALVERSUND KYRKJE

Søndag kl. 17



Meland kulturskule feirar 25-årsjubileum



## Oppskrift

Rune Haaland

Bur i Røsvikrenen i Knarvik

Ingenting er som å samle gode venner og familie rundt bordet til et godt måltid. En av favorittene hjemme hos oss når alle er samlet, er fars lasagne, mors focacciabråd og Hannes brokkolisalat.

Dette er en fin kombinasjon med gode smaker som utfyller hverandre på en god måte.

# Lasagne med brokkolisalat og focaccia

## Lasagne

1. Steik 800 g kjøttdeig sammen med en hakket løk i steikepannen.
2. I gryta til sausen smelter du 6 ss smør sammen med 6 toppede ss mel, rør inn ca 14 dl melk slik at du får en fyldig saus. Deretter tilsetter du 2 buljongterninger, en god dæsj Natvig grillkrydder og to bokser med hakket tomat med oregano og basilikum.

3. Bland sausen og kjøttdeigen og la det få et kort oppkok.
4. Legg saus og lasagneplater lagvis og avslutt med et lag raspert ost. Steikes i 20 minutter på 220 graders varme



## Focacciabråd

Ta en halv liter vann i kjøkkenmaskinen, bland inn en pk fersk gjær som er løst ut i vann, tillsett ca 1 liter mel, 1/2 ts salt, 1 ts sukker og 2 ss olivenolje. La deigen heve på en lun og varm plass ca 1 time. Ta baktepapir i en form på ca 20x30 cm, bruk slikkepott og fordel deigen i formen. Trykk fetaost og soltørket tomat litt ned i deigen, hell litt olje over og strø med havsalt før du setter formen i ovnen som er oppvarmet til 180 grader. Brødet steikes midt i ovnen i ca 25 minutter, eller til det er gyllenbrunt.

## Brokkolisalat

Del 2 brokkoli i små buketter, rør inn 3 dl majones, 1 finhakket rødløk og 300 g sprøsteikt bacon. I tillegg kan man strø litt sukker over og ta i rosiner og pinjekjerner. Litt avhengig av hva som faller i smak.

# Konfirmant-weekend 2017

I midten av juni var nesten femti av Melandkonfirmantane samla til weekend på leirstaden Fjell-ly på Sotra. Helga romma mykje, både av sosiale aktivitetar og av samlingar med fokus på det kristne livet. Eit av tema var dei fire B'ane: Bibel, bøn, brødsbryting og brorskap.

Dei fekk vi lære om både ved å høyre om dei og ved å aktivt ta del i bibellesing, morgon- og kveldsbøner, nattverd og fellesskapet med andre. Vi vart betre kjend med gudstenesta, Fadervår og Kristuskransen ved å delta i ulike spørlopp.

Laurdag ettermiddag var bowlingbanene ivrig i bruk, medan andre spelte bordtennis, fotball og brettspel. Gode måltid, kioskbesøk og snopekoldtbord var òg viktige ingrediensar i ei triveleg, lærerik og morosam helg.



BOWLING: Bowlingbanen blei ivrig bruk i løpet av helga.



SPILL: Brettspel vart ein viktig del av ei triveleg, lærerik og morosam helg.



KANONBALL: Det vart mykje tid til sosiale aktivitetar som kanonball.



BIBELLESING: Det blei god tid til samlingar med fokus på det kristne livet.



**GLØDE**  
Arbeids- og Kompetansesenter

**KIWI mini pris**  
for alle med sans for lavpris  
**FREKHAUG SENTER**  
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00  
Lørd. 9.00 - 20.00

**HELÅS AS**

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilførsle
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.  
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

# Ny i Meland kommune?

Du er hjartegleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

**Gudsteneste**, kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss?:  
Ta kontakt med  
**Kyrjekontoret** 56 17 14 80.

**Søndagsskulen Løvegjen- gen** kvar søndag utanom skuleferiane og familiegud- stenester. Gruppe for barn under skulealder og skule- barn opp til 7.kl. Kontakt: *Anne Marit Fosse Dahle*, 93 61 13 11.

**Norskkurs for innvandra- rar.** Gratis norskkurs, små grupper. Kvar onsdag kl. 18.00 – 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng.

**Internasjonal kafé.** Ufor- mell treffplass, nokre gong-

ger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 – 21.00 på Møteplassen. Kontakt for norskkurs og internasjonal kafé: *Brit Torun Hitland*, 95 22 35 08.

**Open Møteplass.** Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. Kontakt: *Marit Sæle*, 40 47 35 20.

**Bøn før jobb**, kvar tysdag kl. 07.15 – 07.45 på Møteplassen. Kontakt: *Torbjørn Aamli*, 56 17 14 84.

**Småbarnstreff med baby- sang**, kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen. Kontakt: *Anne Marit Fosse Dahle*, 93 61 13 11.

**Octavia - Meland ungdom- skantori.** Kor for jenter frå 5.klasse til vidaregåande skule. Øver kvar torsdag på

Nordgardsløa. Kontakt: *Eirin Åserud-Løvlid*, 94 33 67 79.

**Felix Vocalis**, kor for vaksne, øver annankvar tysdag kl. 20.00 – 22.00 på Møteplassen. Kontakt: *Jannicke Wisloff Åsæbø*, 40 22 86 94.

**Husgrupper** (bibelgrupper), som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. Kontakt: *Stine Karin Sæle*, 47 64 08 09.

**Seniors**, treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: *Victor Bakke*, 99 61 75 83.

**Yngres Frekhaug**, aktivite- tar, andakt og kiosk. Annankvar fredag på Frekhaug bedehus. For 5.-7.klassingar. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: *Ruben Sæle*, 56 17 14 88.

**SKrUL**, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover, på Frekhaug bedehus, kvar lørdag kl. 20.00.

**Levande Lys**, barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag

kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: *Kamilla Strømsbo Dale*, 47 30 65 24.

**Strilongane**, barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rossland skule. Kontakt: *Inger Bratshaug*, 41 68 06 53.

**Frekhaug Soul Children**, kor for deg som går i 5.-10. klasse. Øver annakvar onsdag (oddetalsveker) kl. 18.30 – 20.00 på Frekhaug bedehus. Kontakt: *Beate Lavik*, 41 33 00 00.

**Yngres Rossland**, aktivite- tar, andakt og enkel matser- vering, Fra 3. klasse og oppover, annakvar fredag kl. 18.00 – 19.30 på Rossland bedehus, Kontakt: *Miriam Skurtveit*, 94 84 69 96.

**Søndagsskuleklubben**, ak- tivitetar og andakt, for barn til og med 2. klasse, annakvar onsdag 18.00 – 18.45 på Rossland bedehus. Kontakt: *Annlaug Isdal*, 99 47 03 09.

---

MEIR INFO:  
[WWW.MELANDKYRKJA.NO](http://WWW.MELANDKYRKJA.NO)

---



## 5 kjappe

- |              |   |
|--------------|---|
| Kallenamn:   | Løva.   |
| Favorittmat: | Safarikjeks og Lionsjokolade.                             |
| Favorittbok: | Bibelen. Likar dessutan dyrebøker med masse fine bilete.  |
| Høyrer på:   | Filmmusikken til Løvenes konge, og Løvesongen, sjølvsagt. |
| Drøymer om:  | Ny kyrkje på Frekhaug med større plass til Løvegjengen.   |

# Slekters gang

## Døypte

### Meland kyrkje

Emma Sofie Ytreland Myrtvedt,  
07.05.2017  
Leana Hindenes Nepstad,  
14.05.2017  
Oline Bastesen Rossland,  
14.05.2017  
Johanna Håvik-Bohlinger,  
21.05.2017  
Ulrik Frimanslund Storsæt,  
21.05.2017  
Vilma Sætre Tveit, 21.05.2017  
Heidi Berge Jakobsen, 28.05.2017  
Tormod Langenes Bøen,  
04.06.2017  
Andrine Myrmel-Isaksen,  
04.06.2017  
Heidi Lindborg Hølleland,  
18.06.2017  
Frida Bratshaug Antonsen,  
25.06.2017  
Johannes Rossland Gravelsæter,  
25.06.2017  
Celina Rød-Jensen, 13.08.2017

Ole Westervik Sudmann,  
13.08.2017

### Knarvik kyrkje

Håkon Osland Lilleberg, 18.06.2017

### Arna kyrkje

Ludvig Mjelde Reielsen, 02.07.2017

### Trøgstad kirke

Inga Nikoline Tveit-Raknerud,  
23.07.2017

### Alversund kyrkje

Noah Elias Skaar-Rossland,  
30.07.2017

### Vadsø kyrkje

Aila Bye Skurtveit, 30.07.2017

### Salhus kyrkje

Gabriel Pedersen Grimstad,  
20.08.2017

### Ostereidet kyrkje

Malin Børslid Krossnes, 27.08.2017

### Holmeknappen

Jonas Skage, 27.08.2017

## Vigde

### Meland kyrkje

Linn Merethe Sætre og Steffen Fløysand Berland, 27.05.2017  
Ingvild Berg og Ole Corneliusen, 24.06.2017  
Anne Askeland og Thomas Aarhus Byrknes, 24.06.2017  
Jasmin Margaret Johnsen og Erik Njaastad Bauge, 24.06.2017  
Victoria Jensen og Thomy Jensen Grindheim, 12.08.2017  
Kalina Maria Krawczyk og Erik Hodneland, 19.08.2017

## Gravlagde

### Meland kyrkje

16.05.2017, Kristine Camilla Lien (f.1927)  
19.05.2017, Paul Ådlandsvik (f.1927)  
26.05.2017, Lars Frost (f. 1968)  
30.05.2017, Kristi Skintveit Frantzen (f. 1939)  
08.06.2017, Anne-Marie Skintveit (f. 1939)  
09.06.2017, Kåre Bjørsvik (f. 1926)  
13.06.2017, Borgny Eikeland (f. 1922)

16.06.2017, Janne Ernes Steinhoven (f. 1975)

16.06.2017, Lillian Andrea Losne-dahl (f. 1943)

20.06.2017, Trygve Norman Espetvedt (f. 1926)

23.06.2017, Hildur Husebø (f. 1929)  
30.06.2017, Viktor Andreas Karl-sen (f. 1939)

30.06.2017, Åse Margrete Frek-haug Thorsen (f. 1930)

14.07.2017, Gunvor Tellevik (f. 1936)  
21.07.2017, Olaf Grasdal (f. 1936)

21.07.2017, Kjartan Mongstad (f. 1930)

25.07.2017, Øyvind August Tveit (f. 1934)

01.08.2017, Kjellaug Bergitte Hau-keland (f. 1918)

25.08.2017, Edith Rossland (f. 1931)  
01.09.2017, Jorunn Signe Brakstad (f. 1949)

01.09.2017, Sigmund Bjarne Sletten (f. 1934)

### Knarvik kyrkje

15.08.2017, Robert Veddegjerde Solheim (f. 1968)

# Ein løvisk prat

Tekst: Maria Sæle

Når løva i Meland kyrkje kjem inn og inviterer til Løvegjengen (søndagsskulen i Meland kyrkje), sitrar det av glede i ansikta til borna. Borna kan nesten ikkje vente med å få helse på løva og syng løvesongen. Det er vel ikkje så rart; det er då ikkje kvardagskost at ein får helse på ei løve! "Kontakt" har vore heldige og fått eit eksklusivt intervju med løva.

– Kan du fortelje litt om kva Løvegjengen er?

– Løvegjengen er søndagsskulen i Meland kyrkje. Der høyrer vi forteljingar om Jesus, syng, ber og leikar saman. Løvegjengen vert delt inn i to grupper: 1-6 år og 6-10 år. Gruppa for dei minste borna held til i "Løvehola", som er eit rom i kyrkja. Dei eldste borna heldt til i Kyrkjestova, som ligg rett ved sida av kyrkja. Ved enkelte gudstenester vil det og vere ei gruppe frå born i 4.-7. klasse.

– Det høyrest kjekt ut! Korleis kjem du deg inn i kyrkja? Du er jo ei løve!

– Når gudstenesta er i gang, går eg inn i kyrkja. Det er ikkje noko problem. I kyrkja er det plass til alle, og alle smiler når dei ser meg. Eg snakkar litt med presten først, for han vil alltid slå av ein prat. Det er hyggeleg, for eg er jo eit so-

sialt dyr. Ofte har eg med meg noko i skattkista mi, så me pratar litt om det. Deretter kjem alle borna fram til meg, og då syng me løvesongen. Det er favorittsongen min.

– Kan du fortelje litt meir om kva ein gjer i Løvegjengen?

– Klart eg kan! Vi har ulikt program med forteljingar om Jesus, sang, bønn og leik. Vi har og nokre søndagar der vi har bålsamling. Då samlast vi i gapahuken og tenner bål eller grillar. Dette er for dei som er førskuleborn og oppover.

– Eg er imponert. Korleis klarer du å ordne alt dette?

– Dette klarer eg ikkje åleine. Det er Anne Marit Fosse Dahle og ein god gjeng med vaksne (menneske, ikkje løver) som ordnar mykje, dei er knallflinke! Men me treng faktisk ein del nye vaksne som kan hjelpe til med Løvegjengen. Me vil jo gjerne ha ulike grupper, og me vil ha Løvegjengen så ofte som mogleg. Det hadde vore supert om nokre vaksne kunne melde seg til teneste!

– Korleis kan ein ta kontakt med deg?

– Det beste er å ta kontakt med Anne Marit. Eg har ikkje mobil eller e-post, det er ikkje noko for løver. Men Anne Marit sitt nummer er 56171482 og e-postadressa er anne.dahle@melandkyrkja.no

# GUDSTENESTE-KALENDER



Foto av Meland Kyrkje: Morten Sæle

01.10.2017  
Gudsteneste  
11:00 v/Torbjørn Aamli  
Takkoffer til: Himal Partner.  
4-årsbok. Sprell levande gudsteneste

08.10.2017  
Gudsteneste, m/dåp.  
11:00 v/Magne Bjørndal  
Takkoffer til:  
Kyrkjelydsarbeidet

15.10.2017  
Gudsteneste m/dåp og  
Nattverd 11:00 v/Helge Hitland  
Takkoffer til:  
Kyrkjelydsarbeidet

22.10.2017  
Gudsteneste m/nattverd  
11:00 v/Helge Hitland  
Takkoffer til: TV-aksjonen.  
Søndagsåpent

29.10.2017  
Gudsteneste m/nattverd  
11:00 v/Torbjørn Aamli,  
Magne Bjørndal  
Takkoffer til: Himal Partner

05.11.2017  
Gudsteneste m/dåp  
11:00 v/Torbjørn Aamli  
Takkoffer til: Søndagsskolen,  
Bergen krets

## Nytt frå stab og sokneråd

### Brannvarslingsanlegg i kyrkja

Meland kommune har løyvd pengar til brannvarslingsanlegg i kyrkja. Anlegget vart montert ferdig i juni. Det er både innvendig og utvendig brannvarsling, så vi sikrar oss mot utvendig påtenning også. Brannvarslingsanlegget er knapt synleg inne i kyrkerommet, ingen synlege detektorar er naudsynte innvendig. Det som trengst er små hol i taket der lufta blir sugd ut og inn ein detektor som står i eit anna rom. Meland Elektro monterte anlegget, og vi har fått god hjelp av prosjekteiar Ronny Landaas i Meland kommune i planlegginga.

Nye alarmsystem har ofte litt startvanskar – og i Meland kyrkje var det utvendige detektorar som skapte krøll. Etter få dagar gjekk alarmen fordi nokre tende ein lighter under eit takutspring. Og på dei finaste soldagane i sommar gjekk alarmen pga solrefleksjon i eit vindauge som detektoren oppfatta som flamme. Men feilen er retta og vi satsar på at det blir få falske alarmer framover. Og ingen ekte ...

### Hjartestartar ved Meland kyrkje

Meland kommune har spandert hjartestartar som heng på utsida av Meland kyrkje, ved inngangen mot parkeringsplassen.

### Endringar i prestetenesta

Bjørn Moe slutta i tenesta som seniorprest i Nordhordland prosti 1. september 2017 for å gjere teneste i Fana prosti der han også er busett. Moe har hatt ei delt stilling med 50% i Meland og 50% i Osterfjorden nokre år. Torbjørn Aamli tek over Moe sine oppgåver. Helge Hitland vil inntil vidare vere vikar i Meland i 100% stilling.

Soknepreststillinga for Osterfjorden vert lyst ledig denne hausten, med sikte på at ny sokneprest kan ta til i stillinga 1. mai 2018. Vilhelm Overå vert 70 år i mai og sluttar då i stillinga.

### TAKK!

Meland kyrkjelyd takkar Bjørn Moe hjarteleg for den flotte innsatsen han har lagt ned i Meland i den tida han har vore her!!

### Les meir på nett

[kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/melandkyrkja/om-menigheten/utleige-av-motepllassen/](http://kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/melandkyrkja/om-menigheten/utleige-av-motepllassen/)

[kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/melandkyrkja/nyhetsarkiv/heimegrupper-for-konfirmantar-201718/](http://kyrkja.no/nn-NO/fellesrad/melandkyrkja/nyhetsarkiv/heimegrupper-for-konfirmantar-201718/)